



Inge Farestveit
Modalen 1012
5729 Modalen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4 - 23/942

Saksbehandlar:
Siren Bruvik Øvre-Helland
siren.ovrehelland@modalen.kommune.no

Dato:
29.03.2023

Avtale mellom Modalen kommune og idrettslaget

Merking, vedlikehald og opparbeiding av turstiar i Modalen kommune

Det er Modalen kommune som i utgangspunktet står ansvarleg for planlegging, opparbeiding, vedlikehald og merking av turstiane i Modalen. MIL har historisk likevel stått for mykje av det praktiske vedlikehaldsarbeidet, i form av eldsjeler sin innsats, dugnadar og liknande. Idrettslaget er ofte plassen avvik blir meldt inn frå brukara av tursti-nettet i kommunen. Det vil slik sett kunne være hensiktsmessig at enkle og ambulerande forbeteringar framover også vert utførd av Idrettslaget. Ved alle tiltak og vedlikehald pliktar representant frå MIL å melde til konsulent for kultur og fritid i kommunen på førehand med eit enkelt oppsett av behov. Behovet bør minimum innehalde:

- Tiltaket (kort skildring).
- Materielliste (kommunen er etter denne avtala ansvarleg for innkjøp av materiell).
- Eventuelle andre kostnader (kjøring ol)
- Planlagt tidshorisont (ønska oppstartsdato og planlagt ferdigstilling).

I større prosjekt eller ved behov skal konsulent for kultur og fritid ta kontakt med teknisk sjef i kommunen. Teknisk sjef vil då vurdere om arbeidet kan og bør gjennomførast av MIL eller om kommunen sjølv bør utføre heile/delar av arbeidet. Kommunal avgjerd bør normalt kunne takast innan ei veke frå mottatt melding. Begge partar bør søka ryddig kommunikasjon i slike saker. Ved eventuelle ønsker frå MIL om større tiltak der grunneigarar naturlig vert ein part (som td. trefelling eller bygging av permanente installasjonar), skal kommunen holdast orientert om kommunikasjon mellom idrettslag og grunneigarar. Grunnen for dette er at kommunen framover skal fortsetta å være eigar av sti-nettet og avtalar vedr. friluftsliv i Modalen kommune. Uansett løysing skal kommunen loggføra avtalen mellom idrettslaget/kommunen og grunneigar i sitt system. Modalen kommune vil kunne løyve pengar til prosjekt gjennom heile året, så lenge det er innafor budsjettramma.

Modalen kommune har vedtatt å inngå samarbeid med BOF- Bergen og Omland Friluftsråd. Desse vil kunne vere ein god samarbeidspartner i ulikt arbeid med friluftsliv både for kommunen og MIL. Me oppmodar i tillegg idrettslaget til å søke midlar via diverse tilskotsordningar, td. gjennom Vestland fylke sine ordningar.

Denne avtalen gjelder i første omgang årene 2023 og 2024.

Avtalen gjeld deretter eit år om gongen, dersom ingen av partane skriftleg seier den opp før årsskifta.

29.03.2023
Dato

Modalen
Stad

Leiar for idrettslaget

Siren B. Øvre-Helland
Konsulent for kultur og fritid
Modalen kommune

Med helsing

Siren Bruvik Øvre-Helland
Konsulent kultur og fritid
Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Mottakere:

Inge Farestveit

Modalen 1012

5729

Modalen